

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 642/2005

2008/EØS/36/05

av 27. april 2005

**om krav til prøvingar og opplysningar for importørar eller produsentar av visse prioriterte stoff
i samsvar med rådsforordning (EØF) nr. 793/93 om vurdering og kontroll av risikoer
ved eksisterende stoffer(*)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
felleskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 793/93 av 23. mars
1993 om vurdering og kontroll av risikoer ved eksisterende
stoffer⁽¹⁾, særleg artikkel 10 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Dei rapportørane som er peikte ut av medlemsstatane
i samsvar med artikkel 10 nr. 1 i forordning (EØF)
nr. 793/93, har vurdert dei opplysningane som
produsentar og importørar har sendt over for visse
prioriterte stoff. Etter samråd med desse produsentane og
importørane har rapportørane fastlagt at det av omsyn til
risikovurderinga er naudsynt å krevje at produsentane og
importørane sender over tilleggsopplysningar og utfører
tilleggsprøvingar.
- 2) Dei opplysningane som trengst for å vurdere dei aktuelle
stoffa, er ikkje tilgjengelege frå tidlegare produsentar eller
importørar. Produsentane og importørane har undersøkt
om dyreforsøk kan bytast ut med eller avgrensast ved
hjelp av andre metodar.
- 3) Det bør difor krevjast at produsentar og importørar av
prioriterte stoff skal sende over nærmare opplysningar
om og utføre tilleggsprøvingar av desse stoffa. Dei
protokollane som rapportørane har sendt over

til Kommisjonen, bør nyttast i samband med desse
prøvingane.

- 4) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i
samsvar med fråsegnen frå det utvalet som er oppnemnt i
medhald av artikkel 15 i forordning (EØF) nr. 793/93 —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Produsentane og importørane av dei stoffa som er førde opp
i vedlegget, som har sendt over opplysningar i samsvar med
krava i artikkel 3, 4, 7 og 9 i forordning (EØF) nr. 793/93, skal
leggje fram dei opplysningane og utføre dei prøvingane som er
førde opp i vedlegget, og levere resultatata til dei rapportørane
som det gjeld.

Prøvingane skal utførast i samsvar med dei protokollane som
rapportørane har gjeve opplysningar om.

Resultata skal sendast over innan dei fristane som er fastsette
i vedlegget.

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er
kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 27. april 2005.

For Kommisjonen

Stavros DIMAS

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 107 av 28.4.2005, s. 14, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 133/2005 av 21. oktober 2005 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 4 av 19.1.2006, s. 4.

(¹) TEF L 84 av 5.4.1993, s. 1. Forordninga endra ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1882/2003 (TEU L 284 av 31.10.2003, s. 1).

VEGLEGG

Nr.	EINECS-nr.	CAS-nr.	Stoffnamn	Rapportør	Krav til prøvingar/opplysningar	Frist frå datoen då denne forordninga tek til å gjelde
1	201-245-8	80-05-7	4,4'-isopropylidendifenol ⁽¹⁾	UK	Gransking av hormonforstyrrende langtidsverknader hjå fisk, med analyse av verknader på sæddanninga Langtidsstudie av giftverknaden hjå ein eigna art av sniglar som lever i ferskvatn	18 månader 18 månader
2	203-545-4	108-05-4	Vinylacetat ⁽²⁾	D	Gransking av to generasjonar med 4,4'-isopropylidendifenol hjå mus i samsvar med OECD 416 (med visse spesifikke endringar)	39 månader
3	202-627-7	98-01-1	2-furaldehyd ⁽³⁾	NL	Nærmare opplysningar om utforminga av polymeriseringsanlegg og opplysningar om teknikkar for reinsing av gassutsløpp for representative anlegg Langtidsprøving av giftverknader hjå fisk	6 månader 6 månader
4	201-622-7	85-68-7	Benzylbutylftalat ⁽¹⁾	N	Langtidsprøving av giftverknader hjå daphnia Opplysningar om utsløpp i Wupper frå alle kjelder Forsøk med utgassing av planter	6 månader 12 månader 12 månader
5	201-329-4	81-15-2	5-tert-butyl-2,4,6-trinitro-m-xylen ⁽¹⁾	NL	Gransking av hormonforstyrrende langtidsverknader og langtidsverknader på forplantingsevna hjå fisk Overvaksingsstudie av lokale luftkonsentrasjonar ved produksjonsanlegg for golvdekkede og tetningsmasse	12 månader
6	200-663-8	67-66-3	Triklormetan ⁽³⁾	F	Simuleringsforsøk av biologisk nedbryting for å fastsetje halveringtida i havmiljøet Opplysningar om eksponering av miljøet i samband med produksjon og bruk To langtidsprøvingar av giftverknader hjå organismar som lever i sediment	18 månader 6 månader 6 månader
7	202-974-4	101-77-9	4,4'-diaminodifenylmetan ⁽²⁾	D	Giftverknadsprøvingar av mikroorganismar: – prøvingar av aktivert slam for produksjonsanlegg – prøving av nitrifikasjonshemming – prøving av hemming av metandannande bakteriar Langtidsprøving av giftverknader hjå organismar som lever i sediment (<i>Chironomus spec.</i>)	6 månader
8	231-152-8 215-146-2	7440-43-9 1306-19-0	Kadmium ⁽¹⁾ Kadmiumoksid ⁽¹⁾	B	Langtidsprøving av giftverknader hjå organismar som lever i sediment (<i>Hyalella azteca</i>) Økotoksikologiske prøvingar i vatn med svært låg hardleiksgrad Validering av nytteverdien til SEM/AVS-metoden (biotilgjenge i sediment)	6 månader 12 månader 12 månader

Nr.	EINECS-nr.	CAS-nr.	Stoffnavn	Rapportør	Krav til prøvingar/opplysningar	Frist frå datoen då denne forordninga tek til å gjelde
9	231-668-3	7681-52-9	Natriumhypokloritt ⁽¹⁾	IT	Samla vurdering av spillvatn	9 månader
10	247-148-4	25637-99-4	heksabromsyklododekan ⁽²⁾	S	Simuleringsforsøk av biologisk nedbryting for å fastsetje pålitelege halveringstider og påvise metabolittar	8 månader
11	201-236-9	79-94-7	Tetrabrombifenol A ⁽⁴⁾	UK	Klargjering av bruksmønster	9 månader
					Langtidsprøving av giftverknader hjå <i>Chironomus riparius</i> i sediment	9 månader
					Langtidsprøving av giftverknader hjå <i>Chironomus riparius</i> i vatn	9 månader
					Gransking av giftverknaden hjå blautdyr	9 månader
					Analyse av nedbrytinga til bisfenol A i sediment	9 månader
12	287-476-5	85535-84-8	Kloralkan, C ₁₀₋₁₃ (klorparaffinar med kort kjedelengd) ⁽²⁾	UK	Opplysningar om eksponering av miljøet i samband med utslépp	3 månader
					Simuleringsforsøk av biologisk nedbryting for å fastsetje halveringtida i havmiljøet	18 månader

(1) Stoffet er ført opp i vedlegget til kommisjonsforordning (EF) nr. 143/97 (TEF L 25 av 28.1.1997, s. 13; tredje lista over prioriterte stoff).

(2) Stoffet er ført opp i vedlegget til kommisjonsforordning (EF) nr. 1179/94 (TEF L 131 av 26.5.1994, s. 3; første lista over prioriterte stoff).

(3) Stoffet er ført opp i vedlegget til kommisjonsforordning (EF) nr. 2268/95 (TEF L 231 av 28.9.1995, s. 18; andre lista over prioriterte stoff).

(4) Stoffet er ført opp i vedlegget til kommisjonsforordning (EF) nr. 2364/2000 (TEF L 273 av 26.10.2000, s. 5; fjerde lista over prioriterte stoff).